

Nordhordland Utviklingsselskap IKS / Team Nordhordland

Postboks 13

5902 ISDALSTØ

Dato 10.04.14

Hordaland Fylkeskommune

Regionalavdelinga / Næringsseksjonen

Ref.: 201203193-2/135OLEOVR TILSEGN LIVOGLYST 2012 - PÅ SKATTEJAKT I NORDHORDLAND  
/SMAKEN AV NORDHORDLAND

SØKNAD OM UTVIDA FRIST TIL OKTOBER

Syner til refererte tilsagnsbrev og samtalar ellers.

Me er no godt i gang med prosjektet. Prosjektleder er tilsett, mandat og milepelsplan er kome på plass, det har vore fleire møter i styringsgruppa, produsentar er registrert på nordhordlandskart.no ,og me gjennomførde første samling med matprodusentane i Nordgardsløa på Frekhaug i går onsdag 9. april der m.a. Gunnar Nagel-Dahl hjå Fylkesmannen hadde innlegg om m.a. potensialet for lokalmat.

Me har no lagt opp eit løp for forprosjektet der avslutninga truleg vert i form av ein inspirasjonstur til Matfestivalen i Eidfjord i oktober der me også vil evaluera forprosjektet og vurdera om det kan vera grunnlag for eit hovudprosjekt.

Gunnar Nagel-Dahl meiner allereie no, basert på interessa på første samling, at det absolutt er grunnlag for eit hovudprosjekt. Han er også involvert i eit prosjekt om lokalmat der m.a. UNESCO er involvert. UNESCO meiner me må ha fokus på historia, kultur og mat frå vestlandskysten. "Smaken av Nordhordland" ligg eigentleg midt leia for dette fokuset.

Me ser eit stort potensiale for mange positive ringverknader som prosjektet kan medverke til og har sett opp nokre visjonar for 2017:

- Me har eit mangfald av ulike produkt frå regionen basert på regionens ressursar.
- Produsentane når måla og visjonane sine for næringane.
- Lokalmaten medverkar til å styrke regionen generelt
- Det er etablert lokalmatklynger ulike stader i regione.n
- Prosjekt medverkar til positive ringverknader for m.a. :

- Reiselivet – Landbruk – handtverk - fiske - transportnæringar på sjø og land - bygdeutvikling – arbeidsplassar -

Me håpar no at me får forlengja fristen til oktober slik at me får gjennomført og avslutta dette prosjektet på ein god måte slik at me også kan få eit godt grunnlag for eit eventuelt hovedprosjekt.

Ta gjerne kontakt med underteikna om de treng meir informasjon om milepelsplanar, aktivitetsplanar eller anna.

Venleg helsing

Vigleik M. Ypsøy

Prosjektleder

tlf 95061191 / [ypsoy@kystgard.no](mailto:ypsoy@kystgard.no)

5917 ROSSLAND